



ÅRSMØTE I ØYSTESE IDRETTSLAG 05. MARS 2019

Protokoll frå årsmøte i Øystese idrettslag halde i Kvam Kan Huset, tysdag 05.03.19 kl. 19:30

Sak 1. Godkjenning av dei med stemmerett

Styret gjorde greie for talet på personar som var til stades ved oppstart av årsmøtet, som styret har registrert inn med stemmerett.

Vedtak: Årsmøtet godkjente følgjande tal på medlemmer med stemmerett: 9

Sak 2. Godkjenning av innkalling og saksliste

Godkjenning av innkalling

Styret la fram forslag om at innkalling vart godkjent.

Følgjande hadde ordet i saka:

Arne Lunestad

Vedtak: Årsmøtet godkjente innkallinga.

Talet på stemmer for 9 og mot 0 . **Samrøystes godkjent.**

Godkjenning av saksliste

Styret la fram forslag til saksliste for godkjenning av årsmøtet.

Følgjande hadde ordet i saka:

Arne Lunestad

Vedtak: Årsmøtet godkjente saksliste.

Talet på stemmer for 9 og mot 0 . **Samrøystes godkjent.**

Sak 3. Val av møteleiar, referent samt to medlemmer til å underskrive årsmøteprotokoll

Val av møteleiar

Styret forslø **Arne Lunestad** som møteleiar.

Vedtak: Årsmøtet valde **Arne Lunestad** som møteleiar.

Talet på stemmer for 9 og mot 0 . **Samrøystes godkjent.**



Val av referent

Styret foreslo **Eirik Kvarv** som referent.

Vedtak: Årsmøtet valde **Eirik Kvarv** som referent.

Talet på stemmer for 9 og mot 0 . **Samrøystes godkjent.**

Val av to medlemmer til å underskrive protokoll

Styret foreslo

Marianne Strømsvåg og **Tone-Mabel Høysæter** til å underskrive protokollen.

Vedtak: Årsmøtet valde foreslåtte ovanfor til å underskrive protokollen.

Talet på stemmer for 9 og mot 0 . **Samrøystes godkjent.**

Sak 4. Handsaming av ØIL-årsmelding for 2018

Styret la fram årsmelding for 2018 for Øystese Idrettslag.

Fylgjande hadde ordet i saka:

Arne Lunestad

Vedtak: Årsmøtet godkjente årsmelding for Øystese Idrettslag.

Talet på stemmer for 9 og mot 0 . **Samrøystes godkjent.**

Sak 5. Handsaming av ØIL-rekneskap for 2018 og budsjett for 2019

Styret la fram resultatrekneskap og balanse for 2018 og budsjett for 2019.

Fylgjande hadde ordet i saka:

Arne Lunestad

Vedtak: Årsmøtet godkjente rekneskap for 2018 og budsjett for 2019 for Øystese Idrettslag, med atterhald om revisorgodkjenning innan 20.03.2019. Godkjent rekneskap kan oversendes interessentar på førespurnad.

Talet på stemmer for 9 og mot 0 . **Samrøystes godkjent.**



Sak 6. Handsaming av innkomne forslag

Sak 6.1: Fullmakter i Øystese idrettslag for 2019 fram til neste årsmøte

Utsnitt frå gjeldande vedtekter til ØIL

§ 12 Rekneskap, revisjon, budsjett m.v.

(3) Bankkonti skal vere knytt til idrettslaget og skal disponerast av to personar i fellesskap. Underslagforsikring skal vere teikna for dei som disponerer.

(7) Disposisjonar av ekstraordinær karakter eller vesentleg omfang i høve til idrettslaget sin storleik og verksemd, også låneopptak, skal vedtakast av årsmøtet. Årsmøtet bør vedta eit særskilt fullmaktsreglement knytt til slike disposisjonar.

§ 19 Grupper/avdelingar/komitear

(3) Heile idrettslaget heftar for gruppene/avdelingane sine økonomiske plikter og ansvar, og grupper/avdelingar kan ikkje gjere avtaler eller representere idrettslaget utetter utan godkjenning frå styret, jf. § 18.

Styre si vurdering

Med bakgrunn i ansvaret som ligg til "heile idrettslaget" rår styret til at det er kun leiar i ØIL-hovudstyret som skal inneha signaturrett og prokura.

Vedtak (som innstilling frå styret):

Årsmøte gjev følgjande fullmakter for 2019:

- (1) Signaturrett (dvs. fullmakt til å opptre på vegne av idrettslaget i alle saker) vert delegert til leiar i ØIL, dvs. person valt på årsmøte 05.03.2019.
- (2) Prokura (dvs. fullmakt til å opptre på vegne av idrettslaget i alt som gjeld drifta av laget, med unntak frå overdraging eller pantsetjing av blant anna fast eigedom tilhøyrande laget) vert delegert til leiar i ØIL, dvs. person valt på årsmøte 05.03.2019.
- (3) Disponering av ØIL-bankkonti.
Hovudregel: Skal disponerast av to personar i fellesskap.

Bankkontoar for hovudlag:

Driftskonto: 3530.27.13942 (SpV)

Høgrete: 3530.27.13934 (SpV)

Skattetrekkkonto (FFO/IFO): 3530.26.77377 (SpV)

Leiar og kasserar i ØIL vert gjeve disposisjonsrett i fellesskap, dvs. personar i verv valt på årsmøte 05.03.2019.

Azets Insight AS avd. Kvam, som rekneskapsfører for ØIL skal ha disposisjonsrett til alle kontoane. Same gjeld evt. ny rekneskapsfører om ny avtale vert inngått.



Fylgjande hadde ordet i saka: Arne Lundestad

-

Vedtak: Årsmøtet godkjente fullmakter for Øystese Idrettslag.

Talet på stemmer for __9__ og mot __0__. **Samrøystes godkjent.**

Sak 7. Fastsetting av medlemskontigent

Medlemskontingenten i ØIL har stått uendra dei siste 10-15 åra.

Det har over tid vore store utfordringar knytt til rekruttering styrerepresentantar i ØIL. Gjeld både til hovudstyret og fotballgruppestyret. Som eit tiltak har tidlegare ØIL-årsmøte vedteke redusert medlemskontigent for dei som er representert i hovudstyret eller gruppestyre.

Styret i ØIL rår til at medlemskontingenten står uendra.

Fylgjande hadde ordet i saka:

Arne Lunestad

Vedtak (som instilling):

ØIL- medlemskontigent for 2019 vert som for 2018.

- Familie	kr	500,-
- Aktiv vaksen	kr	300,-
- Barn	kr	200,-
- Støttemedlem	kr	100,-
- Styrerepresentantar i hovudstyre, Gruppeleiarar og evt trenarar etter styrets skjønn.	kr	100,- (inkl. familie)

Talet på stemmer for __9__ og mot __0__. **Samrøystes godkjent.**

Sak 8. Fastsetje styrehonorar i Øystese idrettslag for 2019

Rekrutteringssituasjon til ØIL-styre er framleis krevjande. Innstillinga er at styrehonorar knytt til ulike funksjonar i styret vert som for 2018.

Fylgjande hadde ordet i saka:

Arne Lunestad



Vedtak (som innstilling):

Årsmøtet vedtek at styrevervhonorar samt innføring av fast godtgjersle for utgifter knytt til følgjande styrefunksjonar, står uendra i forhold til vedtak i 2018:

	honorar
Leiar i ØIL	kr. 2500,- + småutgifter (tlf., km, etc)
Nestleiar	kr 1500,-
Kasserar	kr. 1500,-
Skrivar	kr. 1500,-
Styreleamar	kr. 750,-
Gruppeleiarar	kr. 750,-

Styrehonorar for hovudstyret skal justerast i forhold til deltaking på styremøta.

Talet på stemmer for 9 og mot 0 . **Samrøystes godkjent.**

Sak 9. Orienteringssaker

9.1 Politiattestar

Registreringa og ajourhald av politiattestar føregår no i elektronisk medlemsystem KlubbAdmin.

Vedtak:

Årsmøtet tok orienteringa til vitande.



Sak 10. Val av medlemer til ØIL-styre for 2019

Styret vart valt ut frå forslag om nytt hovudstyre for 2019.

Følgjande hadde ordet i saka: Arne Lunestad

Vedtak:

Følgjande medlemer til styret for 2019 vart samrøystes valt på årsmøte (styremedlemer markert i grått er ikkje på val i 2018):

Leiar:	Arne Lunestad	(1 år) - Samrøystes
Nestleiar:	Linn Beate Haugslund Ur	(2 år) – Samrøystes
Kasserar:	Frode Sandven	(1 år) – Samrøystes
Styremedlemmer:	Marit Buttingsrud	(1 år) – ikkje på val i 2019
	Tone-Mabel Høysæter	(2 år) – Samrøystes
	Eirik Kvarv	(2 år) – Samrøystes
	Marianne Stromsvåg	(1 år) – ikkje på val i 2019
1. vara:	Åshild Bekkesletten	(2 år) – Samrøystes

Revisor (2 frå eigen medlemsmasse):

Jan Erik Vågen	(1 år) – Samrøystes
Kjetil Reed	(1 år) – Samrøystes

Gruppleiarar (ikkje valt av årsmøtet):

Boccia/teppecurling	Lillian Kvamsøy
Friidrett / trim	Leiv Sandven
Turn	Åshild Bekkesletten
Orientering	Olav Kreken
Hopp, alpin, vektløfting – ingen gruppleiarar	




Referent:

Eirik Kvarv

Øystese, 05. mars 2019

Tone-Mabel Høysæter (sign)

 (sign)

(Signatur frå dei to medlemene som i sak 3 vart valde til å signere protokoll)